Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39 — Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr. 76. — Herad: Bö.

Emne: Högtidsmat ved familiefester — Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Nordbö — Gard: Nordbö.

(adresse): Bö, Telemark — G.nr. 54 — Br.nr. 8 og 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigne oppskrifter

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

## A Födselen

1

Jo, det var gamal skikk at dei kom med mat til barselskoner.

2

Some kom dagane straks etter, og med ein terrin med graut i.

Mette Hegna kom med ein terrin med barselsgraut til syster si Gunhild Vossheim (Flatland) morgonen etter systera hadde gjort barsöl.

Men Gunhild var ikkje heime, ho hadde blitt henta til ei som skulde gjera barsöl. Gunhild skulde ta mot barnet.

Neste gong Gunhild gjorde barsöl kom ho au med ein graute-terrin dagen etter. Da stod Gunhild i ~~åker~~ åkeren og skar bygg. Ho hadde gjort barsöl om natta.

8303

3

Kring 8 dagar etter barsålet kom grautekjæringane med graut i grautespann. Det kunne òg kom nokre på ein dag. Som hadde avtalt dagen i fyrevegen.

4.

Dei kom dagane etter fødsla.

5

Mange kom ein gong. Men den sundagen barnet var til dåpen, var der mange gjester.

6

Det var vanleg graut, ~~sunding eller graut~~, vanleg graut, spikar sunding.

7

Var det fatige folk som trong det, sende dei mjøl og mat.

8

Dei bruka terrin eller helst grautespann.

9.

Dei kalla grauten barsels-graut.

10

Det var vanleg kona som gjekk til barsøl. Var mannen enkemann, laut han få nokon annan til

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8303

II

11

Mannen var bare med til barsels-dåps-lag, da hadde dei øl og brennevin, og tura.

12.

Innleingsfolket fekk traktering. Det hadde ikkje noko seia om det var gut eller gjento i så måte.

14

Fan innleingsfolk fekk traktering.

15.

Dei for til ugifte mødre i bygda, ofte seint om kveld. Ingen skulde vete om det.

16

For 25 – 30 år sia tok dei til med kake istaden for graut. Men some kjem med barselsgraut i byrann ennå. (Di i 1953) Det syns halda seg lengst hjå dei vanleg velskilla folk.

17

Dei „la på vogga", som det heiter. Det var ofte pengar, dalar, og etter som dei hadde god råd til.

18

Dei gjer gjere nå og, some.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8303

19
Dei hadde dåpslag for skyldfolk o.a.

20
Dei kalla vanleg dåpskalaset barsel.

Det kunne vera 14 dagar til 3 veker etter.

22.
Dei sende likt, om dei bar barnet eller ei.

23
Nå nyttar mange kake, og gaver.

B. Fødselsdag.

24
Nei, fødselsdagen blei ikkje høgtида
mange visste ikkje datoen dei var fødd.

25
Oftast ved runde tal.

26
Ingen blei bedne.

27
Vanleg gjev alle gaver.

28
Nei, ingen serrett.

29.
Nå er det ofte sjokolade, blautkake o.s.b.

C. Konfirmasjon

30
Det var ofte eit lite selskap.

31
Tok på seg 50 år sia.

33
Gjestene kom med gaver.

34.
Ja.

35
Mange bakar kake og bakelse
sjølve. Some kjøper

8303
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

III

# 9. Bryllup.

36

Dei kalla det ja-øl.

37

Dei bed til gjestebod.

38

og gjesteboda vara vanleg i 2 og 3 dagar, Fyrste dagen var det vanleg spa (kjøtsuppe med kjøtt) Andre dagen hadde some tørrfisk. Var det somaren fiska some aurer. — Det var sjeldan graut. Dei hadde ofte nakkemat, kumpjö serleg i likferder.

39

Some hadde eit kast (4) kaker og ein smørklatt i korga. Some hadde fleir kaker og, og some kling.

40

Some rosa og krota eit smøret.

41.

Nei, bemannen samla ikkje inn kjøt.

42.

Dei sa senning.

43

Dei tok med sendinga sjølve, dei som hadde hest køyrde, dei andre gjekk.

44

Nei

45

Der det var born fekk dei sendt attende kakestykke, bakels o.s.b.

46

Vanleg var det reikjøringane.

47.

Gjestebodo nå er vanleg 1 jamdøger.

8303

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

48

Some held gjestebod på hotell.

49

For 50-60 år sea vigde mange i byen.

50

Det blei lite med gonner når dei for til byen.

51.

Bare var det er 25, 50 øre o.l.

## Ve Gravål

52.

Skyldfolk, grannar blei bedne av ein bedemann som for rundt.

53.

Gravålet vara 1 jamdøger. Tre måltid og nattmat. I gamle dagar dansa dei i likferder.

54

Dei nytta langbord.

56

Dei nytta vanleg spa.

57.

Som regel heime. Var plassen liten, bad dei forre.

58

Ofte hadde dei sendinga med seg.

60

Sende dei sendinga dagen før fekk vedkomande dram o.a.

61

Lett utvergift hadde ikkje noko seia.

63.

Før nytta dei brennevin, nå ikkje. Dei slutta for pålag 30 år sea. Eg var i likferd i Moland i 1929, der var brennevin.

8303

65.
Nå er det slutt med likferder.

66.
Nei.

67.
Ikkje likferd frå hotell.

68.
For på lag 10 år sia, men somme sender bedemann nå og.

69.
For 40 år sia tok dei til med dødsslysing.

## F. Nye festar

70.
Nokon sers tradisjon om nokon er det ikkje når det gjeld 17de mai.

71.
Somme høgtider morsdagen. Dei tok til for på lag 10 år sia.

72.
Ingen feirar farsdagen.

73.
Dei nyttar ofte blautkake.

74.
Somme bakar sjølve, andre kjøper.

75.
Morsdagen, skikken blei kjend gjennom blada.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8303

Min bestefar Halvor Klasson Reika var f. 1835. Han var bl. a. Stortingsmann i 1860-1870 åra.

I 1867 var der barsøl på Gvålals i Sundeherad. Mannen var frå Reikjarud i Bø og ein ung dansvenn av min bestefar. Bestefar var i barsølet og da ga han 10 daler på vogga til den vesle guten som seinare blei stortingsmann (G. A. Grini)

Da dansa Gj. Reikjarud, far til mannen i huset og fyrste ordføraren i Bø med Torgebjørg Gvala, mor til brura.

Dei hadde øl og brennevin, dans og spel.

Sume sang viser.

Det gjorde dei elles i likferder og når det leid på og dei hadde teke til seg av øl og brennevin.

Siste likdansen i Bø var på Folkestad, heitas det etter segna, men eg trur det har vore seinare og

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 8303